

## Høyringsuttale – kommunedelplan oppvekst

Uttalen byggjer på prosessar frå følgjande høyringspartar:

Samarbeidsutvalet (SU)	Sæbø skule
Skulemiljøutvalet (SMU)	Sæbø skule
Elevrådet	Sæbø skule
Foreldrerådet v/FAU	Sæbø skule
Pedagogar	Sæbø skule
SFO	Sæbø skule

Den første delen av uttalen er tilbakemeldingar som har kome frå alle høyringspartane. I del to er det delt inn i særskilte interesseområde fordelt på dei ulike partane. Når vi refererer til sidetal i uttalen, er dette basert på PDF-filen.

### GENERELL TILBAKEMELDING FRÅ ALLE HØYRINGSPARTANE

Generelt er vi glade for at det no kjem ein felles plan for oppvekst i Alver kommune. Dette har vore sakna både frå føresette, tilsette og elevar. Vi opplever at planen kan vere med på å setje kursen mot ein retning. Det er eit håp om at planen vil sikre likeverdig tilbod til alle barn og unge i kommunen, og at ein i mindre grad er prisgitt dei enkeltpersonane ein møter, enten det er barnehagelæraren, læraren på skulen, helsejukepleiar eller PP-rådgjevaren.

Høyringspartane er einige om at fokuset i planen på førebygging er positivt. Det at andre yrkesgrupper kjem inn i skulen er bra, i tillegg til at ein styrker helsejukepleiar si rolle i skulen. Program som t.d. MOT opplever ein som svært positivt, og viktig arbeid vidare. Vi er glade for at dette vert prioritert.

Samlege av partane som har uttalt seg opplever at det er mykje tekst i planen. Det er noko lettare å lese den digitale versjonen, men også denne opplevast som gjentakande på fleire områder.

Det kjem tilbakemelding om at t.d. kunnskapsgrunnlaget med fordel kunne lagt som vedlegg heller enn å vere ein del av planen. Dette for å gjøre innhaldet i planen meir tilgjengeleg. Det er positivt at det er lagt inn lenkjer direkte til informasjonen ein søker.

### ELEVÅRD

#### S.108 – MØTE I ELEVÅRD EIN GONG I MÅNADEN

Elevrådet opplever at dette er for sjeldan. Slik elevrådet er organisert ved skulen i dag er det fast møte minimum kvar 2. veke. I periodar er det møte kvar veke.

## S.86 – ELEVMEDVERKNAD

Elevrådet set ord på at det er viktig at ein har eit brent syn på elevmedverknad.

I teksten står det «*For å sikre felles praksis rundt arbeidet med demokrati og medverknad i barnehage og skule, er det prioritert å etablere ein standard for arbeidet med demokrati i barnehage og skule samt elevråd i kommunen.*»

Elevmedverknad er så mykje meir enn elevrådsarbeid. Korleis skal vi sikre at alle elevar opplever å få medverke kvar dag, kvar time, i alle fag, i friminutt? Dette treng vi å jobbe meir med. Motivasjonen for læring er låg i skulen. Det er viktig at dette området vert prioritert, og at ein ikkje slår seg til ro med at eit velfungerande elevråd = elevmedverknad.

---

## FAU – FORELDREUTVALET / FORELDREREPRESENTANT FOR SFO

### S.108 – MØTEPLASSAR OG TEAM I SKULE

- FAU er positive til minimum 4 møter i året der rektor er med.
- FAU er positive til minimum 4 møter i året i SU/SMU.
- FAU meiner at ein bør endre frå minimum 2 møter i året i foreldrerådet, til minimum 1 møte i året i foreldrerådet.

### S.50 – HELSESTASJON FOR UNGDOM

FAU stiller spørsmål ved om to helsestasjonar for ungdom er tilstrekkeleg. Når desse i tillegg har svært avgrensa opningstid lurar ein på om ein har kapasitet til at ungdom får den hjelpa dei treng. Er behovet kartlagt godt nok?

### S.102 – OVERSYN TILTAK

FAU er glade for at ein ønskjer å prioritere MOT vidare på ungdomsskulane i kommunen. Det er ønskje om eit tilsvarande arbeid på barneskulane.

### S.54 – ELEVANE SIN SKULEVEG

Det vert konstatert at fleire elevar har farleg skuleveg. Ein etterlyser konkrete tiltak for å utbetre skulevegen. Kva er planlagt framover her for å sikre betre skuleveg?

### S.74 – RISIKOVURDERING AV DIGITALE VERKTØY

Det kjem fram at Alver kommune har opparbeidd god kompetanse på å gjennomføre DPIA og ROS når ein skal ta i bruk nye digitale verktøy. Er det anledning for at føresette kan få tilgang til risikokartleggingane som er gjort? T.d. via heimesida?

---

## SFO – SKULEFRITIDSORDNINGA

### S.70 – RAMMEPLAN FOR SFO

Det har vorte gjort mykje godt arbeid rundt **rammeplanen** for SFO – både nasjonalt, kommunalt og lokalt på skulane. Her kan ein nok i større grad utveksle erfaringar på tvers av avdelingar i kommunen.

### S.108 - MØTEPLASSAR OG TEAM

**Nettverk for SFO-leiarar** har vore positivt. Viktig at dette vert vidareført. Det fungerer godt at det er SFO-leiarane sjølv som driv dette, men det er viktig at ein representant frå stab oppvekst er representert i nettverket.

Det er ønskje om å etablere **nettverk for fagarbeidrarar**. Dette har ein tidlegare hatt god suksess med i gamle Radøy kommune. Dette vart organisert på kveldstid av SFO-leiarar i samband med IBS. Dette for å sikre eit profesjonsfellesskap for fagarbeidrarar og assistenter.

### S.106 - MØTEPLASSAR OG TEAM

Vi meiner at SFO-leiar bør delta i «**Møte i Oppvekstforum**» 2 gonger i året.

SFO-leiar bør også delta i møtet «**Overføring av informasjon barnehage-skule**».

## SKULE

Generelt skulle pedagogane i skulen ønskje at det var ein tydelegare samanheng mellom kommunedelplanen og LK20 – spesielt at den var knytt opp mot overordna del i større grad enn den er no. Forankringa i skulen, som den største aktøren innan oppvekst, bør kome tydeleg fram slik vi ser det.

Vi skulle ønskje oss at planen var tydeleg på kva retning Alver kommune ønskjer at vi skal gå. T.d. ser vi at «lesing» berre er nemnd fire gonger i planen. Språkarbeid i barnehagen kunne også kome tydelegare fram. I tillegg saknar vi fokus på leik, utforsking og kritisk tenking.

I skulen er det ei stor utfordring med språkbruk. Ein treng fokus på haldningsarbeid rundt dette.

Det er eit ønskje frå pedagogane at vi har rom for deling av kompetanse internt i kommunen. T.d. gjennom nettverk for pedagogar. Vidare tenkjer vi korleis ein kan dra nytte av interne ressursar i kommunen innan historie, kultur m.m.?

## TRYGG OPPVEKST

Fleire plassar i planen kjem det fram at ein skal ha fokus på trygg oppvekst. Vi kunne ønskje oss ein tydeleg definisjon på kva ein legg i «trygg oppvekst» for born i Alver kommune.

## **S.101 – VIDAREFØRING AV DUÅ**

Det står at DUÅ skal vidareførast på skulane i Alver. Dette er vi svært positive til. Vi saknar ein plan for innføring av DUÅ på skulane som ikkje har hatt opplæring i dette. I tillegg ser vi behov for ein plan for å sikre at nye tilsette får opplæring i DUÅ.

## **S.108 – OVERFØRING AV INFORMASJON BARNESKULE-UNGDOMSSKULE**

Det å ha overføringsmøte i oktober for neste års 8.trinn opplever vi at er for tidleg i året. Det er mykje som skjer frå oktober til august. Dette møtet bør ligge våren, men ein kan opprette eit samarbeid på hausten kring enkeltelevar som treng ekstra oppfølging eller tilrettelegging i overgangen.